



DEN NORSKE KYRKJA

Time kyrkjelege fellestråd

Postboks 373

4349 Bryne

Tlf: 51 77 03 77

Faks: 51 77 03 60

Kulturdepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030, Dep
0030 Oslo

Bryne 05.11.2014

Vår sakshandsamar: Olav Vegard Søyland

Vår ref.: 12/00082-003

Arkivkode: 011

Høyringsuttale, «Staten og Den norske kirke - et tydelig skille»

Høyringsnotatet har med i tittelen «- et tydelig skille». Det er delvis korrekt. Organisatorisk markerer det eit skritt på vegen mot eit tydeleg skilje. På det økonomiske området vil det vonleg heller leggja grunnlag for vidareført samhandling og for at staten framleis skal ha eit medansvar for Den norske kyrkja.

Soknet og det nasjonale rettssubjektet

Time kyrkjelege fellestråd meiner det er viktig at soknet si rolle som kyrkja si grunneining står fast. Forslaget understreker at dette er viktig. Soknet er kyrkja si viktigaste eining, og soknet sin status, organisatorisk og juridisk må vidareførast og ikkje svekkast. Det er likevel naudsynt at kyrkja også får rettsleg handleevne på sentralt nivå og derfor også på dette nivået blir eit eige rettssubjekt.

Arbeidsgivaransvar

Høyringsnotatet seier ikkje noko om kvar arbeidsgivaransvaret for det som i dag er statlege kyrkjelege stillingar skal liggja permanent. Det skal ei sjølvstendig kyrkje avgjerda sjølv. Det vert lagt opp til ei mellombels ordning der dette ansvaret inntil vidare skal liggja hjå Kyrkjemøtet. Dette er i tråd med tidlegare vedtak i Kyrkjemøtet, og Time kyrkjelege fellestråd tar dette til etterretning. Det er likevel viktig at denne ordninga hlir vurdert på fritt grunnlag, når skiljet mellom stat og kyrkje er endeleg gjennomført.

Klageorgan for disiplinærsaker (oppseiing, avskil og suspensjon)

Time kyrkjelege fellestråd tykkjer det er uheldig at det skal opprettast eit eige klageorgan for disiplinærsaker for tilsette i det nasjonale rettssubjektet. Det er eit viktig prinsipp i arbeidslivet at tilsetjande organ er det ansvarlege organet i slike saker, og at det ved alvorlege tvistar er dette organet som eventuelt skal saksøkjast og bringast inn for arbeidsretten. Ansvaret for eit arbeidsforhold må liggja hjå tilsetjande arbeidsgivar.

Prestetenesta

Det er viktig at forslaget inneheld formuleringar om at kvart sokn skal ha teneste av prest. Det vil forplikta staten til også i framtida å sørja for finansiering av ei landsomfattande presteteneste. Staten må også sikra at kvart bispedømme skal ha sin biskop. Prostetenesta bør kunne regulerast av framtidige kyrkjelege organ ut frå kva organisasjonsform som blir endeleg, og korleis den regionale strukturen då blir organisert. Prestane skal ha rett og plikt til framleis å kunne utføra si teneste i tråd med dei løfta som fylgjer ordinasjonen.

Økonomisk organisering

Kyrkja lokalt vil framleis ha hovuddelen av si finansiering frå kommunane. Mange stader, mellom anna i Time, har også fellestråd og sokn gjennom tenesteytingsavtalar ordningar med kommunane om ytingar som går på rekneskapsføring. Dette vil kunne kompliserast sterkt dersom ein får pålegg om at rekneskapa ikkje lenger skal kunne førast etter GKR-systemet (god kommunal rekneskapskikk), men at ein må gå over til rekneskapsystem som gjeld i statleg eller privat sektor. Time kyrkjelege fellestråd vil også gå sterkt imot at retten til momskompensasjon for lokale, kyrkjelege organ blir oppheva. Dette vil vera endå eit tiltak som vil bringa fellestråd og sokneråd i utakt med dei kommunale rammevilkåra.



DEN NORSKE KYRKJA

Time kyrkjelege fellesråd

Trusopplæring

På lista over tiltak som staten framleis skal gi tilskot til, manglar trusopplæringa. I dag utgjer trusopplæringsmidler ein stor del av staten sitt tilskot til kyrkja. Det er derfor svært viktig at dette ansvaret blir spesifisert.

Organisatorisk todeling

I dag er arbeidsgivaransvaret i den lokale kyrkja organisert i to linjer, den geistlege og fellesrådslinja. Time kyrkjelege fellesråd meiner det er viktig at dei organisatoriske endringane som skal gjerast må ta omsyn til ynskjet i kyrkja om på sikt å samla dette ansvaret i ei linje.

For Time kyrkjelege fellesråd

Olav Vegard Søyland

Olav Vegard Søyland
Kyrkjeverje

